



Pressemelding

STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Øystein Singaas
Informasjonssjef Øivind Østang
Postboks 8001 Dep., 0030 OSLO

Telefon ktr.: 22 34 40 06
Telefon ktr.: 22 34 40 37
Telefaks: 22 34 95 00

Telefon priv. : 22 28 68 80
Telefon priv. : 22 22 28 01

SPERREFRIST: 21.01.94 kl. 11.30

DATO: 21. januar 1994

ENDRINGAR I STABEN VED STATSMINISTERENS KONTOR

Statssekretær Gerd-Liv Valla, Statsministerens kontor, fekk i statsråd fredag etter søknad, avskil i nåde. Politisk rådgjevar Norvald Mo, Statsministerens kontor, vart samstundes utnemnd til statssekretær ved kontoret.

Cand. polit. Gerd-Liv Valla (45), som er frå Korgen i Nordland, har vore ved Statsministerens kontor sidan ho vart tilsett som personleg rådgjevar i november 1990. Ho har vore statssekretær sidan januar 1992. Valla har permisjon frå stilling som vald sekretær i Statstenestemannskartellet.

Cand. mag. Norvald Mo (40), som er frå Norheimsund i Hordaland, har vore ved Statsministerens kontor sidan september 1992. Han har permisjon frå stilling som forbundssekretær i Fellesforbundet.